

Referat frå årsmøtet i Bondeungdomslaget i Molde

Tid: Onsdag 4. desember 2013

Stad: Reknes Ungdomshus.

Til stades: 15 medlemmer.

1. Formalitetar

Lars Staurset frå arbeidsutvalet (AU) opna møtet. Innkallinga vart godkjend. Møtet valde desse funksjonane:

Møteleiar: Lars Staurset

Referentar: Irene Møllersen Bell og Byrge Fitje

Protokollunderskrivarar: Kirsten Aure og Torill Steien

2. Årsmeldingar

Bente Myklebust las årsmeldinga frå AU. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Årsmeldinga har og vore lagt ut på Bygdaliv.

I årsmeldinga skal det vere med eit tillegg om Anna Liv Skjelten Gjendem. Under punkt 4.2 skal det stå: Anna L. S. Gjendem er medlem i leikrådet i Noregs ungdomslag.

Årsmeldinga vart godkjend med dette tillegget.

Sylvfest Bell las årsmeldinga frå hyttenemnda. Årsmeldinga var lagt ut i salen. Årsmeldinga vart godkjend utan merknader.

3. Sluttorientering frå det avgåtte styret for Reknes ungdomshus

Byrge Fitje orienterte. Rekneskapen for dei siste 5 åra går gjennom av rekneskapsfører Arild Horrstad og revisor Arild Jacobsen før han vert lagt fram for styret i BUL.

4. Rekneskap for 2013

Arild Horrstad gjekk gjennom hovudtrekka i rekneskapen og svara på spørsmål.

Arild Jacobsen las revisormeldinga.

Rekneskapen vart godkjend utan merknader.

5. Medlemskontingent og budsjett

Hovudmedlem kr 350,-, ungdomsmedlem kr 175,- og gjestemedlem kr 80,-.

Satsane for medlemskontingent vart vedtekne.

Budsjettforslaget frå AU var lagt ut, og Bente Myklebust presenterte forslaget.

Budsjettet vart vedteke.

Etter sak 5 vart det servert kveldsmat. Under maten var det ein uformell diskusjon rundt ideen om samanslåing av Nordmøre ungdomslag og Romsdal ungdomssamlag.

6. Endringar i Lov for Bondeungdomslaget i Molde: §5.3 og §6.8

Styret har laga forslag om at §5 punkt 3 går ut, og punkta under blir nummererte om. §6 punkt 8 får ny formulering: Styret, eller dei styret utpeikar, representerer Bondeungdomslaget i saker som vedrører Reknes ungdomshus.

Forslaget frå styret vart samrøystes vedteke.

7. Val

Torill Steien la fram innstilling frå valnemnda.

Arbeidsutvalet (AU)

Leiar: Lars Staurset (attval 1 år)
Randi Reppe Bell (attval 1 år)
Bente Myklebust (attval 1 år)
Byrge Fitje (ny 1 år)
1.vara: Kirsten Aure (ny 1 år)
2.vara: Marte S Trondsen (attvall 1 år)

Valet var samrøystes. AU konstituerer seg sjølv.

Hytteneemnda

Sylvfest Bell (ikkje på val)
Randi Reppe Bell (ikkje på val)
Arild Horrstad (attval 2 år)
Ingeborg Kleivset (attval 2 år)
Vara: Åse Marie Longva (attval 1 år)

Valet var samrøystes. Nemnda konstituerer seg sjølv.

I tillegg er Svein Solbjørg utleigesjef.

Revisorar

Arild Jacobsen (vara: Frøydis Austigard) og Bente Dyrnes Aarø (vara: Atle Bell).
Desse vart valde.

Valnemnd

Randi Irene Sylta og Torill Steien.
Desse vart valde.

8. Takk og ære

Ved møteslutt vart det delt ut blomster med tilhøyrande gode ord til rekneskapsførar Arild Horrstad, revisor Arild Jacobsen, utleigesjef Svein Solbjørg, danserettleiar Irene M. Bell og Randi Irene Sylta som gjekk ut av AU.

Molde 10. desember 2013

Irene Møllersen Bell
(referent)

Kirsten Aure

Byrge Fitje
(referent)

Torill Steien